
Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: 15. april 2016 15:22
Til: Post Austrheim
Emne: VS: Referat om møte om planlegging av barnehage på Kaland den 15. april 2016

Hei kan de lagra dette i saka og finna arkivnummeret til meg.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)

Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: 15. april 2016 13:48
Til: Torleiv Frotjold; Åshild Hope Herland; Olav Mongstad; Asbjørn Nagell Toft; Rolf Henning Myrmel
Kopi: Jan Olav Osen
Emne: Referat om møte om planlegging av barnehage på Kaland den 15. april 2016

Referat om møte om planlegging av barnehage på Kaland den 15. april 2016

Stad: Kommunehuset frå kl. 13-13.30.

Til stades var: Torleiv Frotjold, Asbjørn Nagell Toft, Rolf Henning Myrmel, Åshild Hope Herland og Olav Mongstad.

1.Referat som vart sendt ut den 10.03.2016 vart godkjent.

2.Planlegginga vidare av ein framtidretta barnehage på Kaland og ny infrastruktur (tilkomstveg/parkering) til begge alternativa som KS ville ha utgreiia. Toft og Myrmel lagar ei sak til formannskapet der det skal på plass eit forprosjekt (landskapsplan med kostnadskalkyle A) og reguleringsplan (B). Denne saka må opp i kommunestyret til endeleg avgjerd etter formannskapsmøtet. Etter at utgreiinga av alternativ A og B er gjort av eit av 5-6 kvalifiserte og større firma som får spørsmål om å levera eit forprosjekt på under kr. 500.000 vert det utlysing på Doffin på pkt. C (arkitektkonkurranse). Toft/Myrmel samordnar det økonomiske i formannskaps saka med Olav Andersen. (Investeringsfondet har truleg midlar frå 2015 til planleggingsmidlar for Kaland).

3.Rolf Henning Myrmel legg fram ved hjelp av sin avdeling ein tilstandsrapport for Kaland barnehage (analyse) til formannskapsmøtet den 12 mai 2016.

4. Referansegruppa kan få referatet som er godkjent. Få opp nytt gjerde omkring barnehagen og vekk med busker som ikkje er positive her. Nye takplate opp og nytt gjerde vert avklart med Myrmel og leiar for barnehage.

5.Innkallinga til neste møte tek Asbjørn Toft seg av.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)